

Liv Hopland van der Kooij
Hoplandsvegen 141
5918 FREKHAUG

29.08.16

Meland kommune
v/Mette Træland
Pb 79
5906 FREKHAUG

Søknad om kommunalt tilskot for inntil 10 barn i ny familiebarnehage frå august 2017

Eg eig og driv pr i dag Lita-god Familiebarnehage, i bustadhuset mitt.

Frå hausten 2017 vert kårhuset på garden, som eg også eig, ledig og eg ynskjer løyve til å starta opp familiebarnehage med dobbel gruppe, dvs. inntil ti born, alt etter bornas alder, i dette huset.

Miljøretta helsevern, ved Elin Grete Mjelde har vore på synfaring og meiner at huset kan vera eigna til barnehage.

Vidare har ein snekkar vore på synfaring og meiner at det er relativt enkelt å gjera ei omdisponering av arealet i huset, slik at bustaddel vert delvis avskjerma frå barnehagedelen.

Erfaringa frå å ha ei dobbel gruppe er at ein får ein stabil kvardag for borna. Sjølv om nokon i personalgruppa skulle vera sjuk er det alltid ein kjend vaksen person på jobb.

Dobbel gruppe gjer og at ein kan vera tre tilsett. Ved å fordela desse på tre vakter kan barnehagen ha ei opningstid på inntil 10 timar, slik som dei store barnehagane har.

Familiebarnehagar er eit supplement til det mangfaldet av barnehagar som vert tilbuddt barn og foreldre i Meland.

Nokre foreldre synest dei «ordinere» barnahagane har vorte for store. Desse kan bruka familiebarnehagen som inngangsport til «barnehagelivet» for borna.

Barnehagen vert lokalisert på ein gard og det vert drive aktiv gardsdrift på gardane rundt. Dette gjev borna eit unikt innblikk i livet på garden og kva som foregår der. Dette er ei verd som er stengd for dei fleste born og vaksne i dag, som foreldregruppa eg har pr i dag set stor pris på at borna får oppleve.

Eg er no ferdig med første byggetrinn på løa på garden og har fått eit forsamlingslokale der.

Dette gjev betre plass når me har besøk frå andre barnehagar og på dei foreldrearrangementa eg arrangerer.

Det gjev meg også høve til å invitera fleire born på dei kulturelle arrangementa me har i barnehagen som teater og songstunder med profesjonell leiing.

Denne bygningen er sjølvstakt disponibel for ein ny barnehage, og ved å samarbeide kan me arrangera fleire kulturelle aktivitetar for borna.

Eg har sidan eg opna barnehage tatt førskulelærarutdanning på NLA og er ferdig med vidareutdanning for styrarar av barnehagar på NHH, som gjekk på leiing og administrasjon.

Denne hausten startar eg på Pedagogisk veiledning, som har 30 studiepoeng over to semester.

Vonar kommunen ser seg tent med å ha eit mangfald av barnehagetilbod å tilby innbyggjarane.

Mvh.

Liv H.v.d. Kooij